

Aasen i dag

Det heve kvar  
Stjerne sine Strålar.



## ■ Tilskipingar

### Granvin og Ulvik

Laurdagsopne miljøstasjonar i Granvin laurdag førmiddag, i Ulvik laurdag ettermiddag.

### Voss utferdslag

Tur over Hardangerjøkulen søndag. Påmelding.

### Terrengsykkelritt

i Bømoen søndag. Vossevangen Cykleklubb er arrangør.

### Oppheim og Vinje kyrkjer

Kyrkjegardsdugnader måndag kveld.

### Voss Skyttarlag

Treningskyting for jegrar kvar måndag fram til 25. juni.

## ■ Møte

### Sjømannsmisjonen

forkynner evangeliet laurdag i Nain.

### Felles bønemøte

laurdag førmiddagar i Salt Voss.

### Nain

Samling søndag førmiddag.

### Misjonskyrkja Voss

Møte søndag ettermiddag.

### Helgaset, Liaset, Furteset

jaktfelt har møte søndag kveld i Nedkvitne grendahus.

## ■ Kino

### Voss kino

Premierefilm: Blockers, Huset ved sjøen.

## Innsamla midlar tekne i bruk

► **GRANVIN:** Mange av dei frivillige laga i Granvin har nytta kantina i Mælandshagen gratis til ulike tilstellingar. Etter mange års flittig bruk trong no kantina ei oppussing. Laga som har nytta kantina aller mest, skipa difor til ein basar sist haust der me fekk inn vel 72.000 kroner. I alt 41.000 kroner er no brukte til ei vellykka oppussing. Det er kjøpt og montert eit nytt lydanlegg. Halve kostnaden med forsterkar til teleslynge vert og dekt av basarpengane. Det skal koma på plass betre arbeidslys til arbeidsstova og andre som nyttar kantina til ulike handarbeid. Det som står att av pengane, vil bli nytta til supplering av utstyr på kantine- kjøkkenet. Me vil igjen gje ei stor takk til alle som har vore med på å støtta med vinstar, loddkjøp og ulikt arbeid for å få alt dette i stand!

**Granvin bygdekvinne-  
helselag, husflidslag,  
misjonslag og pensjonistlag.**

# NordAccordion – ny internasjonal fe

Endeleg er det slutt på juli som ein daud månad på Voss. Akkordeonfestivalen NordAccordion ser dagens ljós.

### ► NY FESTIVAL

– Dette er noko eg har tenkt på i fleire år, men det har teke tid med organiseringa og med å få alle brikkene på plass, seier strendingen, akkordeonisten og musikkprofessoren Geir Draugsvoll. Siste heile veka i juli legg han professoratet på hylla til fordel for å vera festivalgrunnleggjar, -leiar og flittig deltakande i det meste som skjer.

### Frå seminar til festival

– Utgangspunktet var at eg ynskte å skapa ein samlingsstad for unge akkordeonistar. Dette er noko eg har diskutert mange gonger med Ida Løvli Hidle, ein av mine tidlegare elevar og i dag ein premiært akkordeonist. Me sakna begge ein samlingsstad då me var unge. Akkordeon er eit instrument der du sit mykje for deg sjølv og øver, og du saknar ofte likeinna å dela tankar og musikk med.

Med tanken om å skapa eit seminar og ein samlingsstad for unge musikarar på plass, var Voss ein opplagd stad å leggja det.

– Voss er eit akkordeonmekka, takka vere Olav Ullestad og innsatsen han har lagt ned. «Alle» utanlandske akkordeonistar som har nådd ein viss alder, kjenner namnet Voss svært godt. Utlendingane vert heilt over seg når eg fortel at «heime var du ein særing viss du ikkje spelte akkordeon».

Etter kvart som tankane og ideane vart meir konkrete, stod det klart for Geir at det måtte verta ein heil festival – med seminar og meisterklasse som del av festivalen.

### Solide saker

Om Draugsvoll brukte nokre år på organiseringa av den nye festivalen, er det solide saker han kan presentera når han fyrst set i gang. Opningskonserten er 22. juli, og festivalen heldt fram heile veka til endes – fram til fredag 27.

Geir deler sjølv artistane inn i «lokale», «norske» og «internasjonale». At han har plassert seg sjølv i kategorien «lokale», fortel vel mest om kor smålåten han er. Faktum er i alle fall at strendingen i dag vert rekna som ein av dei internasjonalt største og viktigaste namna på sitt instrument. Dei to andre «lokale» er Jo Asgeir Lie og Irene Tillung, to akkordeonistar Draugsvoll har svært høge tankar om. Tillung kjem med musikken frå CD-en Ti på ta-

*– Eg ynskte å skapa ein samlingsstad for unge akkordeonistar.*

GEIR DRAUGSVOLL

ket, som ho gav ut i fjor.

I kategorien «norske» finn me bandeonisten Per Arne Glorvigen med trio. – Me må ikkje gløyma at han er gammal akkordeonist! seier Draugsvoll. I tillegg kjem før nemnde Ida Løvli Hidle og duoen Julie og Andreas – med noko så særmerkt som kombinasjonen bandoneon og harpe.

### Internasjonale toppnamn

I den internasjonale gruppa finn me japanske Mie Miki og kinesiske Hanzhi Wang – to unge kvinner som verkeleg har sett spor etter seg og som i dag har solide internasjonale karrierar å syna til. Mie Miki har oppmoda samtidskomponistar om å skriva musikk for akkordeon, og det har resultert i meir enn 60 verk med solo- og kammermusikk for instrumentet. Hanzhi Wang har turnert jorda rundt som solist og kammermusikar, og ho har vunne fleire av dei mest høgthangande internasjonale musikkprisane.

Dei tre islendingane i itríó er alle noverande eller tidlegare studentar av Draugsvoll ved Det Kongelige Danske Musikonservatorium. Trioen vart skapt i København hausten 2015 og er sett saman av Helga Kristbjörg Guðmundsdóttir, Jon Þorsteinn Reynisson og Jónas Asgeir Ásgeirsson.

### Fleire konsertstader

Ole Bull Akademiet vert sjølvveit i festivalen. Her skal også meir enn 20 kinesiske studentar, som kjem for å vera med på seminar, meisterklasse og festivalen, bu. Men Draugsvoll har heile vegen hatt ein tanke om å nytta fleire konsertarenaer.

– Når me får så mange langvegsfarande gjester hit, må me syna dei litt av det me har å by på, meiner han. Derfor vert det også konsertar i Vangskyrkja, i Voss kulturhus, studentkonsert i Bakka kyrkje og – viss vêrgudane er positive – på terrassen til Stalheim Hotel. Her skal til dømes Geir halda sin konsert, med heile Nærøydalen som majestetisk bakteppe.

► **Nils Kvamsdal**  
nk@avisa-hordaland.no



**STARTAR FESTIVAL:** Geir Draugsvoll går ein hektisk sommar i møte. I juli arrangerer

## Varmar opp med

**Når Geir Draugsvoll skal driva reklame for den nye festivalen, hentar han like godt den største stjerna du kan få tak i.**

### ► KONSERT

29. mai er det duka for eit møte med den internasjonale akkordeonmusikken si grand old lady, russiske Sofia Gubaidulina. Den 87 år gamle komponisten er den mest spelte av alle nolevande komponistar – på verdsbasis.

– Eg har kjent Sofia sidan 1994, og me har samarbeidd jamnleg sidan då – mest stabilt dei siste ti åra, seier Geir.

Då London Symphony Orchestra i 2011 markerte Gubai-

dulina sin 80-årsdag med ein konsert i Barbican Hall, var det ein fiolinkonsert og ein akkordeonkonsert. Akkordeonkonserten var Fachwerk, skriven for og tileigna Geir Draugsvoll. For fyrste gong hadde London Symphony Orchestra ein akkordeonist som solist, og konserten resulterte i at sjefdirigent Valerij Gergiev inviterte Draugsvoll til å spela same verket med Marinskij-teatret i sitt orkester i St. Petersburg året etter og med Münchenfilharmonien året etter det att. Seinare har Geir Draugsvoll også framført Fachwerk i Semperoper, med Dresden Staatskapelle. Verket vart urframført i sjølvaste Concertgebouw. Amsterdam i 2009.

# stival på Voss



han NordAccordion for fyrste gong, med konsertar frå Voss til Bakka.

FOTO: ANTON HOUTAPPELS

## den største stjerna

### Til Festspillene

Når Festspillene i Bergen opnar om halvanna veke, er Sofia Gubaidulina Festspillkomponist 2018 og Artist in Residence. Fire verk av den russiske meisteren skal framførast. Eitt av desse er Fachwerk, og sjølv sagt er det Geir Draugsvoll som er solist. Konserten er i Grieghallen fredag 25. mai.

– Når Gubaidulina fyrst var så



**DEN STØRSTE:** 87 år gamle Sofia Gubaidulina  
FOTO: F. HOFFMANN  
LA ROCHE LTD

nær, tenkte eg at eg måtte prøva å få henne til Voss. Ho er eit heilt spesielt menneske, som skriv heilt spesiell musikk, seier Geir. Dermed er den 87 år gamle komponisten gjest under NordAccordion sin konsert – som òg skal promotera festivalen i juli.

På konserten i Osasalen medverkar Geir Draugsvoll på akkordeon, saman med Øyvind Gimse på cello, Geir Inge Lotsberg på fiolin og Ida Løvli Hidle på akkordeon.

### Konsertintroduksjon

To timar før konserten den 29. mai, skal Draugsvoll halda det han kallar ein konsertintroduksjon.

– Me er på grensa til å verta

nerdete her! ler Geir. Det han skal snakka om er prosjektet Collaborative Spaces. Geir skal i ord, tonar og bilete gje dei frammøtte eit innblikk i det heilt spesielle og kreative rommet som eksisterer mellom ein komponist og ein utøvar, når dei to har fått høve til å utvikla verk og samarbeidsformer over tid og gjennom fordjuping.

På toppen av alt dette, skal Draugsvoll også spela på den såkalla Kongelunsjen under Festspillene. Men dette er eit lukka arrangement med inviterte gjester, og står ikkje på det offisielle programmet.

► **Nils Kvamsdal**  
nk@avisa-hordaland.no

## Kulturprisen må lysast ut

► **VAKSDAL:** Det viser seg at kommunen sin kulturpris for i år, ikkje har vore lyst ut, fortel ordførar Eirik Haga. Det har skjedd ved ein inkurie (forgløyning/umerksam), som det også heiter, legg han til. Slik sett er det heller ikkje kome inn forslag på kandidatar, og dermed er denne saka naturleg nok utsett. – No lyser me prisen ut i lokalavisa, og så tek formannskapet eit kjapt digitalt møte og bestemmer seg for kven som skal få prisen. Den som skal som vanleg delast ut under Daledagane fyrste helga i juni, seier Haga.

## Flåm skule vann Nasjonalt lesedøgn

► **NYNORSKE BARNEBØKER:** Nesten 10.000 elevar frå heile landet las over 700.000 sider i nynorske barnebøker, i løpet av Nasjonalt digitalt lesedøgn frå onsdag 25. april til fredag 27. Etter at tevlinga var ferdig, vart det trekt ut vinnarar i alle grupper som i snitt hadde lese meir enn 100 sider per elev. 4. klassesteget på Flåm skule vann likegodt fyrstepremien, 15. ipadar. Lærar Marit Johanne Hegg visste at sjansane for å få ein av premiane var svært liten. Ho hadde derfor laga til ei overrasking som premie til elevane. – Eg trudde det var ein aprilspøk, men så forstod eg ikkje det heller for datoen var 30. april, seier Hegg. Både ho og elevane måtte lesa meldinga om premien både ein og to gonger før dei forstod at det var sant. Nasjonalt digitalt lesedøgn er ein del av Det Norske Samlaget si 150-årsfeiring. All lesing har gått føre seg på den digitale leseplattforma Lesemeister, der elevane har hatt tilgang på meir enn 150 nynorske titlar.

## Eksingedalen vann Nysgjerrigper-sylv

► **KONKURRANSE:** 2. til 7. klasse frå Eksingedalen skule vart sylvvinnarar i årets Nysgjerrigper-konkurranse, og har vunne 10.000 kroner med prosjektet «Kva lam veks mest – og kvifor gjer det det?». Nysgjerrigper er ein forskingskonkurranse arrangert av Norges forskningsråd for elevar frå 1. til 7. klasse, og i år var over 2600 elevar med. 22 prosjekt kom til finalen, der det vart kåra to gullvinnarar og fire sylvvinnarar, mellom dei Eksingedalen skule. Juryen seier at prosjektet om lam «er et flott prosjekt med mange gode koblinger mellom fag og hverdagsliv», og at «dette er et imponerende stykke arbeid som virkelig fortjener sølv i Nysgjerrigper-konkurransen».

## ■ Kulturbeite

Har du eit arrangement som bør i kulturbeite?  
Send e-post til [redaksjon@avisa-hordaland.no](mailto:redaksjon@avisa-hordaland.no)

### MAI

**18. Sidersleppkonsert** med Frode Grytten Beat Band. Lekve gard, Ulvik. Tilskipar: Olav H. Hauge-senteret.

**19.** Vossagospel, saman med koret Booth's gospel, held konsert i Gamlekinoen.

**23.** Voss filmklubb: Moonlight.

**25.** Voss bibliotek. Språkkafé.

**25.-26.** Konferansen Voss som region og Vangen som regionsenter i mellomalderen, leia av Alf Tore Hommedal og Gunnstein Akselberg.

**26.** VossaRudl'n. Tilskipar: Køyretøyhistorisk Klubb Voss.

**29.** Portrettkonsert Sofia Gubaidulina. Collaborative Spaces, konsertintroduksjon ved Geir Draugsvoll. Konsert med Geir Draugsvoll, Øyvind Gimse, Geir Inge Lotsberg, Ida Løvli Hidle. Komponisten er sjølv til stades.

Bygdaklang og songarar frå det tidlegare koret Trivnad frå Kyte.

**3.** Sundagsope på Bergslitræet.

**10.** Sundagsope på Bergslitræet.

**13.** SentrumsTreff – tur til Nordhordland. Tjorehagen, Sletta, Frekhaug.

**16.** Diktardagen på Hardanger folkemuseum, Utne.

**17.** Sundagsope på Bergslitræet.

**23.** Gamlekinoen. Festkonsert med Leif Ove Andsnes og Orkesteret Fossegrimen. Dirigent: Dagfinn Rohde.

**24.** Kviknes Hotel Balestrand. Festkonsert med Leif Ove Andsnes og Orkesteret Fossegrimen. Dirigent: Dagfinn Rohde.

**24.** Sundagsope på Bergslitræet.

**24.-1. juli:** Ekstremsportveko.

### JULI

**1.** Sundagsope på Bergslitræet.

**8.** Sundagsope på Bergslitræet.

**15.** Sundagsope på Bergslitræet.

**22.** Sundagsope på Bergslitræet.

**22.-27.** NordAccordion

### JUNI

**1.-2.** Tre framføringar av Jan Jøssang sin Skifersongen – i Amfiet, Hedleberget på Kyte. Songkoret



Kommunal- og moderniseringsdepartementet

## Tilskudd til prosjekter for romanifolket/taterne

Kommunal- og moderniseringsdepartementet lyser ut en midlertidig tilskuddsordning til prosjekter som bidrar til å styrke romanifolket/taternes kultur, språk og historie.

Les mer om tilskuddsordningen på [regjeringen.no/kmd](http://regjeringen.no/kmd)

**Søknadsfrist: 11. juni og 15. september 2018**